

Tid for forsamlingsbygging

Av Odd Sverre Hove. Artikkelen stod på trykk i bladet Venehelsing, eit organ for Nordhordland Indremisjon, i augustnummeret 2017.

Forsamlingsbygging er for tida eit sentralt samtaletema rundt på bedehusa. I eit perspektiv burde dét ikkje vera noko nytt. For både bygging og drift av kvart einaste bedehus er uttrykk for forsamlingsbygging. Men i eit anna perspektiv er samtalen om denne saka no likevel ny. For kan vi i vår tid make å mobilisera til ei formidabel ny forsamlings-**ut**-bygging –?

Den nye samtalen rundt på bedehusa kjem for ein del av at Den norske kyrkja for tida er merkt av det motsette: forsamlings-**ned**-bygging.

Det gjer dette emnet utfordrande nok for bedehusets folk. For alt etter korleis situasjonen er rundt i kvar lokale kyrkjelyd av Den norske kyrkja, kan det kjennast krevjande i overkant å sjå for seg at bedehusets folk faktisk kan stilla opp med eit fullgyldig alternativ – og ikkje berre eit supplement.

Men om utfordringa kjennest krevjande, bør vi på slike stader ikkje nøle. For der lokale prestar, kateketar og trusopplærarar serverer folk åndeleg sultekost (eller det som verre er) - der BØR nokon prøve å etablere lokale alternativ.

I tillegg kjem den nye samtalen om forsamlingsbygging for ein del også av ei anna ny utfordring. Den kjem især frå unge småbarns-familiar. Det er viktig at vi som soknar til senior-generasjonen på bedehuset, skjønar korleis mang ein mor og far i slike småbarns-familiar tenkjer.

Mor og far i ein småbarnsfamilie var sjølve nygifte for berre eit mindre antall år sidan. Og det dei gjorde då dei gifta seg, var å etablere seg som liten familie med eit intenst ny-oppvekt familie-samhald.

Denne ferske røynsla av familie-samhald er sanneleg sterk nok idet brudeparet seier dei høgheilage ja-svara sine framfor Herrens altar. Men ho vert ti gonger, kanskje hundre gonger, sterkare den dagen det same paret kjem heim med den første babyen og kjøper den første bleiepakken.

Kanhende burde vi som soknar til senior-generasjonen skjerpa minnet vårt på dette punktet, så vi hugsar korleis dette intense og høgheilage samhalds-aspektet faktisk kjendest.

Og no kjem vi til poenget: Dei unge småbarns-familiane som utfordrar bedehuset og ber om forsamlingsbygging for å sikra "heile pakken under same taket" (som det heiter) – dei minner oss implisitt om at Guds forsamling i Bibelen er definert som stor-familie.

Det er det som er meininga når apostelen skriv at «Guds hus er den levande Guds forsamling» (1Tim 3:15b). Ordet «hus» er i slike skriftord eit anna ord for familie. Guds forsamlingar er i Bibelen definerte som Guds stor-familiar.

Dei små kjerne-familiane av mor, far og små born står altså ved bedehusets dør og seier: «Ver stor-familien vår!». Og dét er nok den viktigaste grunnen til at bedehusets folk no på stader med mange kristne småbarnsfamiliar fører samtalar om forsamlingsbygging.

I realiteten har vi i slike situasjonar ikkje noko val.

For fråfallet i stor-kyrkja er under sterk aksellerering. Og ingen kjenner denne sorgtunge realiteten betre i kvardag og helg enn nettopp dei som står for Herrens andlet og held borna sine i hendene medan dei ser seg om etter ein stad der det er trygt for både store og små å høyra til.

PS Det finst inspirerande stoff om forsamlingsbygging på nettstaden til Tankesmia Bedehusforsamlingar på www.forsamling.org.

Sitat:

I realiteten har vi mange stader ikkje noko val. For fråfallet i stor-kyrkja er under sterk aksellerering.